



KVITSEID



SOKNERÅD

## ÅRSMELDING 2017



Kviteid  
Brunkeberg  
Vrådal  
Fjågesund  
Kilen

# ÅRSMELDING 2017

## 1. ALLMENT

Kyrkja har framleis ein viktig plass i samfunnet, så òg i Kviteseid. Framleis vert mange born døypt og ein stor kontingent vel kyrkjeleg konfirmasjon. Gudstenestene er om lag like godt besøkt, og kring avslutning av livet, vel dei fleste kyrkjeleg gravferdsseremoni. Trusopplæringa har blitt styrka og trusopplærar tilsett.

Økonomisk vert kyrkja hovudsakeleg finansiert av staten gjennom rammetilskotet til kommunen. Kommunen er lovpålagt å løyve til kyrkja. Andre kanalar for tilskot er via bispedømerådet til trusopplæring, og frifondsmidlar.

Lokalt vert det og gjeve mykje offer til eige arbeid og til vidaresending. Ikkje minst vert det lagt ned stor friviljug innsats i kyrkjelydane.

2017 var det fyrste heile året med all økonomisk drift samla under eit sokneråd etter samanslåing til eit sokn.

## 2. MÅLSETJING OG ANSVAR

Soknerådet har etter kyrkjelova mellom anna ansvar for

**Etter §9** «skal (soknerådet) ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpes»

- kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og diakoni m.m.
- innsamling av midlar til eigen verksemd
- førebu og gjennomføre menighetsmøte etter §10

**Etter §14:**

- *Drift og vedlikehald av kyrkjer og gravplassar (kyrkjegarder).*
  - Kviteseid har i alt 6 kyrkjer og 7 gravplassar (kyrkjegarder): Kviteseid kyrkje og kyrkjegard, Kviteseid gamle kyrkje og kyrkjegard, Brunkeberg kyrkje og kyrkjegard, Vrådal kyrkje og kyrkjegard, Roholdt kyrkjegard (historisk), Fjågesund kyrkje og kyrkjegard og Kilen kapell og kyrkjegard.
- *Stillingar / personell.*
  - Kviteseid sokn har 6 tilsette i til saman 386,77 % stilling, fordelt på to kvinner og 4 menn. Soknerådet vurderer arbeidsmiljøet i verksemda som tilfredsstillande.
  - Soknepresten er tilsett og løna av bispedømmerådet, men er ein naturleg del av staben.
- *Administrative og økonomiske oppgåver i soknet:*
  - Soknerådet utarbeider mål og planar for den kyrkjelege verksemda, forvaltar inntekter og formue etter lov og vedtak, og tek vare på soknet sine interesser. Dei praktiske oppgåvene som fylgjer av soknerådet sitt tilsynsansvar, vert utførte av dei kyrkjeleg tilsette. Kyrkjevevja er dagleg leiar for verksemda og har i 2017 vore sakshandsamar for soknerådet.

## 4. SOKNERÅDET SINE MEDLEMER

Det var kyrkjeval i 2015. Då vart desse medlemmer og vara medlemmer valde, og har sete i rådet i 2016 og 2017:

- Hans Kristian Aabø, leiar
- Håkon Birkeland, nestleiar
- Inger Lise Berge
- Vidar Syrtveit Mikalsen
- Marit Gotuholt
- Magnhild Vaagen Kvalbein
- Hanne Julie Roholdt
- Gunn Karin Eikåsen

Vararepresentantar:

1. Reidun Øvrebø Fisketjønn
2. Astrid Grave Aase
3. Jan Rune Bjørnson
4. Sveinung Råmunddal

Kommunerepresentant: Tore Åsland med vara Bjørn Nordskog.

Sokneprest: Rune Lia (fungerande frå januar til juli), Møyfrid Lunde frå august.

## 6. SAKER

Soknerådet har i 2017 handsama 81 saker fordelt på 8 møter. I tillegg har arbeidsutvalet (AU) hatt 3 møter og parts-samansett utval (PU) 1 møte.

Her fylgjer stikkord frå sakene for kvart møte i 2017:

**11. januar:** Vedtak om budsjett 2017 og økonomiplan til 2021, innføring av VIPPS som elektronisk betalingsløsning, om kyrkjebladet, gullkonfirmantfest, fasteaksjon og årsmøte

**1. mars:** Diakoniplan, godkjenning av rekneskap 2016, skader Brunkeberg kyrkjestove, årsmelding og komitear

Årsmøtet var i Kviteseid 5. mars

**26. april:** Ref. AU-møte om godkjenning rekneskap 2016, Delegasjonsreglement, stilling trusopplærer og budsjettrevisjon

**7. juni:** Ref. AU-møte om personalsaker, orientering om 'Ønsket og elsket', og utviding av felles ungd.arb.stilling i Ø&E.

**30. august:** Ref. AU-møte om personalsaker (tilsetting trusopplærer), reformasjonsjubileet og opne kyrkjer, kyrkjegardane ved Kviteseid kyrkje, ringereglement og utleigereglement, kyrkjelydsbasar og budsjettarbeid

**4. oktober:** Investeringsplan 2017-2022, kjøp av noter, personalsak frå PU, forslag til driftsbudsjett (for oversending til kommunen), plan for gudstenestene 2018

**29. november:** Lønspolitikk i soknet, personalsak frå PU: Lønnsforhandlingar, høyring om ny lov for Tru- og livssynssamfunn, kyrkjeofringar 2018

**I tillegg** er det på dei fleste møta mykje informasjon og meldingar, rekneskapsrapportar og saker frå soknepresten.

Alle referata frå soknerådet blir lagt ut på nettsida til soknet etter godkjenning (i neste møte). På nettsida ligg nå alle referata frå 2016 og 2017, inkludert referat frå årsmøte.

## 7. TILSETTE

Soknerådet hadde ved utgangen av 2016 ansvar for 3,87 årsverk fordelt på 6 tilsette. Det er ein auke på 0,1 årsverk frå 2016.

- Kristen Salmelid: kyrkjevevjerje heile 2017 i 80 % stilling, mellombels utvida til 100 % i sekretær si permisjonstid frå august og ut året.
- Dagfinn Køhn: 100 % stilling som organist.
- Jan Gunnar Haugen: 100 % stilling som kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar.
- Håkon Heggtveit: 50 % stilling som kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar.
- Ellen Katrine Køhn: klokkar i Kviteseid kyrkje i 6,77 % stilling.
- Svanhild Fidjeland: 40 % stilling som sekretær, i ulønt permisjon frå august.

- Birgitte Nødland Danielsen: 15 % som trusopplærer frå august, og 15 % vikariat som sekretær.

I tillegg leies inn vikarar på nokre arbeidsområde. Det er også innleidd ekstrahjelp til vedlikehald på kyrkjegardane i sumarhalvåret, og til noko vedlikehaldsarbeid.



Så er Kviteseid 'deleigar' og finansielt medansvarleg for disse felles stillingane:

- Prostidiakon Eilev Erikstein: ( 1/5 av 100 % stilling, saman med Tokke, Vinje, Nissedal og Fyresdal) – administrert av Tokke kyrkjelege fellesråd.
- Prosjektkoordinator for trusopplæring: Stine Beate Mondal Ljosland ( 1/5 av 100 % stilling saman med Tokke, Vinje, Nissedal og Fyresdal) – administrert av Tokke Fellesråd, januar til juli.
- Ungdomsarbeidarstilling i Ønsket og Elsket, administrert av Seljord kyrkjelege fellesråd: 30 % stilling, utvida til 50 % hausten 2017, men ingen tilsett ved utgangen av året. Stillinga er delt på alle fellesråda i Øvre Telemark Prosti, så Kviteseid sin del er ikkje så stor. Silje Nilsen Østensen hadde stillinga i 30 % til og med juli.

#### Tilsette av Bispedømerådet:

- Prostiprest Rune Lia fungerte som sokneprest fram til sommaren
- Møyfrid Lunde tok til i stillinga som sokneprest frå august.
- Petter Jakobsen er ungdomsprest i 'Ønsket og Elsket' i 50 %

## 8. TENESTER I KYRKJENE OG I SOKNET ELLES

	2017	2016	2015	2014	2013
<b>Gudstenester/møter</b>	54	71	82	82	93
<i>Kviteseid</i>	24	45	44	37	
<i>Brunkeberg</i>	10	14	14	19	
<i>Vrådal</i>	10	13	14	23	
<i>Fjågesund og Kilen</i>	8	10	10	14	
<b>Vigslar</b>	4	3	6	3	4
<b>Gravferder</b>	37	36	36	28	33
<b>Døypte</b>	22	16	16	13	17
<b>Konfirmert</b>	24	20	28	26	16
<b>Andakt i institusjonar</b>	9	15 **			
<b>Kulturarrangement</b>	5	3	6	7	5
<b>Frivillige (registrerte)</b>	120	90			
<b>Deltakarar / arr.</b> (gudstenester, andaktar, konsertar, u/ grvferd/vigslar)	5240 / 72	6872 / 92**	4063 / 43 (Kviteseid)	3788 / 44 (Kviteseid)	2788 / 39 (Kviteseid)
<b>Kyrkjeofringar (x 1000)</b>	185	214	222	299	444***
Til kyrkjelydsarbeid	51	44	(alle sokn)	(alle sokn)	(alle sokn)
misjonsprosjektet	24	30	(Kviteseid 150)	(Kviteseid 131)	(Kviteseid 112)
eksterne	110	140			
<b>Andre innsamlingar</b>	<b>94</b>	<b>96</b>	<b>21,6</b>	<b>79</b>	<b>238***</b>
Jolebasaren:	48*	55			
Til eige arbeid	33	40			
Til misjonsprosjektet	15	15			
Fasteaksjonen, KN	46	41			

\*Jolebasaren 2017: 45.400 kontant + 2.300 vipps    \*\* Anslag    \*\*\* Inkl. gåve frå banken til nytt flygel 150.000

## 9. INNMELDE / UTMELDE

### Medlemmer i Den norske kyrkja, Kviteseid sokn

2017: Innmelde: 2 person, og utmelde: 10 personar i sjølvbetjeningsordninga på nett. Noen er lagt til ved dåp og andre døde. Totalt medlemmer pr. 31.12.2017: **1840**, ein netto nedgang på 5 personar.

Av 2433 innbyggjarar i Kviteseid ved årsskiftet, utgjer dette 75,6 %.

2016: Innmelde: 1 person. Utmelde: 16 personar. Totalt medlemmer: 1845 (77,4 %)

2015: Innmelde: 1 person. Utmelde: 4 personar. Totalt medlemmer: 1918

(Fordelt slik: Kviteseid: 922, Vrådal: 405, Brunkeberg: 519, Fjågesund og Kilen: 72)

2014: Innmelde: 1 person. Utmelde: 7 personar.

## 10. VIDAREFØRING AV PLANLAGDE OG OPPSTARTA AKTIVITETAR

- Investeringsprosjekt 2017 med tilskot frå kommunen:
  - Automatisk brannvarslingsanlegg i Kviteseid kyrkje og bårehus/verkstad er montera og kopla opp mot 110-sentralen
  - Verneglas utanpå blyglasvindauga i Kviteseid kyrkje er byrja på, men vart ikkje ferdig i 2017. Prosjektet ferdigstilles i 2018. Det må koordinerast litt med neste punkt.
  - To av blyglasvindauga i Kviteseid var i så dårleg forfatning at dei måtte få blyet skifta. Det arbeidet er godt i gang, og glasa er under oppbygging att. Arbeidet gjerast ferdig våren 2018.
  - Midlane som ikkje er bruka i 2017, er overført til 2018 og utgjer om lag kr 165.000.
- Brunkeberg kyrkje vart malt sommaren 2017. Noko råte vart skifta ut, og alle øydelagde vindaugelag byta. Kostnaden var om lag kr 140.000 og var budsjettert .
- Ein grundig tilstandsrapport med kostnadsoverslag vart gjennomført og levert med tanke på renovering av taka på Kviteseid gamle kyrkje og Vrådal kyrkje.
- Råte i golv i kyrkjestova i Brunkeberg vart avdekket. Det vart hausten 2017 erstatta med støypt flislagt golv med varmekablar. Kostnaden på om lag kr 130.000 vart etter vedtak i soknerådet dekt av drifta og overføring av kr 59.000 frå fond. Det siste vart ikkje nytta (sjå forklaring under Økonomi).
- Rydding av tre og kratt ved kyrkjegardane er årleg vedlikehald. I 2017 vart det felt fleire store trær på gamal kyrkjegard i Kviteseid. Det vart ein upårekna stor kostnad på over kr 100.000 for innleidd mannskap med maskinar. Men nå er felling av tre der gjort for fleire tiår. Staden er blitt mykje opnare og ljosare, og vedlikehaldet vert enklare med mindre lauv.
- I Fjågesund har vegen til kyrkjegarden til tider vore svært dårleg. Ei større fornying vart starta hausten 2016 med felling av fleire tre langs vegen. Våren 2017 vart det grøfting, skraping og tilkøyring av god masse til vegen.
- Blyglasvindauge i Fjågesund: små hol blei reparerte både i 2016 og i 2017.
- Maling av gjerder rundt kyrkjegardar i Brunkeberg, Fjågesund og Vrådal. Siste vart ikkje heilt ferdig.
- Ekstra opprydding av gravsteinar frå sletta graver. Omlag 100 steinar vart fjerna.

Investeringsmidlar for 2018 er løyvd for

- Nytt flistak på Brunkeberg kyrkjetårn og på apsisen på Kviteseid gamle kyrkje (bua halvtak mot aust)
- Automatisk ringeanlegg i Kviteseid kyrkje (hovud-kyrkja og den mest bruka)

### Dugnad på kyrkjegardane:

Det vart som vanleg utført annonsert oppryddingsarbeid på dugnad på kyrkjegardane i mai. Takk til alle som deltok.

## 11. ØKONOMI

Hovudinntekta til soknerådet er tilskot frå kommunen. Til trusopplæring kjem tilskot direkte frå staten. Anna inntekt er hovudsakeleg festeavgift, kollektar, trekk frå gravlegata, jolemesse, gåver til kyrkjebladet, momsrefusjon og sjukelønsrefusjon.

Rammeoverføringa frå kommunen til drift var i 2017 på kr. 3.216.300

-ein auke på kr 87.300 (2,8 %) frå 2016 då overføringa var kr 3.129.000, 2015: kr 2 989 000

Driftsrekneskapet hadde i 2017 eit meirforbruk (underskot) på kr 114.618,68. Det er dekt inn av mindreforbruk (overskot) frå 2016 som var kr 194.383,54. Differansen, kr 79.764,86 er lagt til disposisjonsfondet. Den største enkeltposten som forårsaka meirforbruket, er reperasjon av golvet i kyrkjestova i Brunkeberg, som ikkje var budsjettert med. Kostnaden der vart om lag kr 130.000.

Investeringar (sjå oversikt i pkt. 10) vart økonomisk dekkja av tilskot frå kommunen på kr 430.000 og momsrefusjon. Det var òg budsjettert med kr 70.000 i bruk av eige disposisjonsfond til desse prosjekta. Då to av tre prosjekt ikkje vart fullført i 2017, er restmidlane kr 164.704 overført til 2018.

Balansen syner at sum eigedelar har auka med nær kr 300.000 til kr 8,46 mill. Det balanserar med eigenkapital og gjeld.

Soknerådet godkjente årsrekneskapet på sitt møte 28.02.2018. Det er ført av kommunekassen og reviderast av Telemark kommunerevisjon IKS.

Vi viser elles til den fullstendige rekneskapen for soknerådet for 2017.

## 12. SOKNERÅDET SITT ARBEID

### Trusopplæringa 'Størst av alt'

- Birgitte Nødland Danielsen vart tilsett i 15 % stilling som trusopplærar frå 1.august 2017. I stillinga inngår administrasjon, planlegging og gjennomføring av tidsavgrensa bredde-tiltak, oppfølging og besøk i grupper, og å få informasjon ut om dei ulike tiltaka.
- Trusopplæringsplanen vart godkjent sommaren 2017.
- Trusopplæringsutvalet: Medlemmer frå hausten 2017 er Vidar Syrtveit Mikalsen (leiar), Sigrunn Egeland Bakken, Møyfrid Lunde, Birgitte Nødland Danielsen (sekretær). Utvalet hadde to møter i haust. Fokuset var planlegging av frivillighetsfest for frivillige innan barne- og ungdomsarbeid knytta til trusopplæringsplanen, oppfølging av enkelt-tiltak og frivillige leiarar.




- Tidsavgrensa bredde-tiltak:
  - Utdeling av dåpsgåver. Fjågesund kyrkje 12.februar. 13 born kom.
  - Utdeling av 4-årsbok med samling før gudstenesta. Kviteseid kyrkje 17.september. 5 born kom.
  - Utdeling av adventskalender til 5-åringar med samling før gudstenesta. Kviteseid kyrkje 19.november. 7 born kom.
  - Lys vaken for 10-11-åringar med overnatting i kyrkja. Kviteseid kyrkje 2.-3. desember. 15 born var med.

- Kontinuerlege gruppr:
  - Småbarnstreff med sangsstund på misjonshuset annankvar torsdag. 0-3 år. Ansvarleg: Ellen Eggebø Jore.
  - Sundagsskule. 6 samlingar i 2017 i Bornas kapell under gudstenestene.
  - 2-10 år. Ansvarleg: Birgitte Nødland Danielsen.
  - Barnegospel. Øver annankvar torsdag på misjonshuset. 5-8 år. Ansvarleg: Åsbjørg Hægeland. Song på gudstenester og andre møter.
  - Unge røyster. Øver annankvar måndag på misjonshuset. 9-12 år. Ansvarleg: Elise Foldøy. Song på gudstenester og andre møter.
  - 3 idrettsgrupper på Kvitsund Gymnas. Tysdagar og torsdagar. 6-9 år, 10-12 år og 13-15 år. Ansvarlege: Ellen Eggebø Jore og Ellen Rannestad.
  - Yngres i Vrådal. Annankvar tysdag på bedehuset. 10-15 år. Ansvarleg: Håkon Birkeland.
  - Kviteseid Soul Children. Øver annankvar tysdag i Kviteseidhallen. 12-15 år. Ansvarleg: Olav Holm.
  - Skulelagsmiddag. Ein tysdag i mnd etter skuletid på skulekjøkkenet på ungdomsskulen. 12-16 år. Ansvarleg: Astrid Tveten.
- Konfirmant-arbeid:
  - 2016/2017-kullet var 24 stk. Starta med sommarleir på Gjennestad. Undervisning haust og vår, og konf.treff på våren, fram mot konfirmasjonane i mai/juni.
  - 2017/2018-kullet starta med konf.kick-of på våren, og deretter ei vekes leir på Gjennestad i juni. Det er 20 konfirmantar i årets kull. Etter leiren har kullet hatt 8 samlingar i haust. Dei har delteke som ministrantar på gudstenester.

### Misjonsprosjekt:

Kyrkjelyden har som sitt misjonsprosjekt i 2017 hatt 'Samfunnsutvikling i Nepal' via Normisjon, der vi spesielt støttar Liv Wendel sitt arbeid blant kinner og born i Bajhang-provinsen. Avtala lyder på kr 35.000 pr. år. Det vart i 2017 samla inn og sendt kr 39.208 til dette, inkludert kr 15.000 frå jolebasaren.



### Diakoni:

#### Melding frå diakoniutvalet v/ Kirsti Skjæveland:

Diakoniutvale består av Gunhild Dobbe, Kirsti Skjæveland, Tjodvor Syftestad, Åsa Wendel og Hege Jønholt. Dei hadde i 2017 4 møter; 18. januar, 19.april, 13. september og 1. november.

#### Aktivitetar i 2017:

- *Fest for bebruarane på Lundenjordet.*
  - *Vårfesten* var 10. mai på Misjonshuset. Andakt ved Rune Lia, musikk og allsong ved Kjell Lindheim. Besøk frå Manila. Servering av mat og kaffi.
  - *Førjolsfesten* var 19. desember på Misjonshuset. Servering av risgraut, kaffi og kaker. Møyfrid Lunde var med oss. Andakt ved Eilev Erikstein. Allsong og musikk ved Kjell Lindheim. Jolenissen kom på besøk.
- *Kyrkjekaffi på Diakonidag i Brunkeberg.*
- *Besøkstenesta*, Grappa hadde møte med Eilev Erikstein 5. april.
- *Besøk på Midtsundtoppen* annankvar mnd. saman med sokneprest og organist. Diakoniutvalet steller til føremiddagsmat. Datoane var 15. mars, 24. mai, 11. oktober og 13. desember.


- *Besøk med blomehelsingar* til 80 og 85 års jubilantar.
- *Helgemesse*: Før helgemesse sender Diakoniutvalet ut invitasjon til messe og kyrkjekaffi til dei som har mista nokon det siste året. Alle var velkomne til kyrkjekaffi på Misjonshuset. Der vart det servert smørbrød, kaffi og kake. Det var nydeleg song og musikk ved Jan Haugen. Møyfrid Lunde og Eilev Erikstein var med. Det kom 40 gjester.
- *Gå vidare gruppa* har hatt to møtepunkt med tur.
- *Kyrkjeskys*. Det har vore nokon kontaktar.
- *Laga og servere mat til konfirmantane* på undervisningssamlingane kvar 14. dag. Gruppe på 5 står for dette: Åsa Wendel, Martha Bakken, Ellen K. Køhn, Tjodvor Syftestad, Kirsti Skjæveland. Dei lagar mat til konfirmantane kvar 14. dag. Fyrste gong var 21. september.
- *Føremiddagstreff* er kl. 11-13 siste onsdag i nesten kvar månad. Det var i 2017 7 treff på Misjonshuset og eit på Bygdetunet. Alle treffa på Misjonshuset har matøkt, song, musikk, andakt og utlodning. Dagfinn Køhn er trufast musikal. Ei gruppe møter kl. 09 for å dekke bord og lage mat. I arbeidsgruppa sit Martha Bakken, Sigrid Borgenvik, Berit Åheim, Margrethe Groven, Anna Berge, Gunda Aabø og Kirsti Skjæveland. Det kjem 25- 35 personar på treffa. Det er tilbod om skys. To spesielle føremiddagstreff er:
  - *Midtsommartreffet på Bygdetunet*, eit samarbeide med Kviteseid Pensjonistlag. Der deltok Herdis og Øyvind Jørgensen.
  - *Adventtreffet* var onsdag 20. desember på Misjonshuset. Der deltok Møyfrid Lunde og Dagfinn Køhn.

### Godheitsveka 2017

vart gjennomført 8.-14. mai i samarbeid med dei andre forsamlingane i Kviteseid. Den vart avslutta med ei godheits-gudsteneste på Fredheim den 14. mai. Inkludert styringsgruppa var 60 personar involvert. 31 arbeidsoppdrag vart utført. Det var mykje hagearbeid, noko husvask og litt reparasjonar og vedlikehaldsarbeid. 250 dugnadstimar vart lagt ned. Det er flott å kunne vera saman på tvers av kyrkjelydane og forsamlingane. Vi fekk god respons og stor takksemnd frå mottakarane. Mai er ein god tid for godheit.

### Prostidiakonen

I årsrapporten sin viser prostidiakon Eilev Erikstein til mykje godt arbeid nedlagt i 2017. Mange av tiltaka er tilbod som er gj evne på tvers av kommune/sokne-grenser. I Kviteseid har han mellom anna delteke på mange samlingar om diakoni, hatt andakter og taler forskjellige stader, forretta i fire gravferder, og hatt i underkant av 100 samtalar og husbesøk. Det talet har vore stigande dei 3 siste åra. Fleire av vitjingane i Kviteseid er til eldre og sjuke, samt ungdommar på Kvitsund.



### **Kulturarrangement, spesielle messer og anna:**

<b>Sokneprestar</b>	
20. august	Avskilsgudsteneste for sokneprest Runa Lia som ein del av Landstadgudsteneste i gamlekyrkja.
3. september	Innsetjing og velkomst for sokneprest Møyfrid Lunde med velkomstfest på Misjonshuset.
<b>Gudstenester (spesielle)</b>	
29. januar	Innviing av 4 ikonar i Vrådal kyrkje
22. mars	Taizégudsteneste med nattverd i Kviteseid kyrkje. Ikkje forordna.
23. april	Diakoniens dag i Vest-Telemark. Gudsteneste i Nissedal.
13. august	Felles gudsteneste i Kilen saman med Seljord og Lunde hadde 43 frammmøtte.
Juli	Kveldsmesser i Kviteseid Gamle kyrkje kvar torsdag i juli. Kyrkjekaffi ved soknerådet

17. september	Hausttakkefest vart halden i Kviteseid kyrkje (med utdeling av 4-års bok)
29. oktober	500 års reformasjonsjubileum med felles festdag og gudsteneste i Notodden for heile Øvre Telemark prosti.
	Ljosmesse vart det ikkje mogleg å få til i år, for fyrste gong på om lag 25 år
<b>Fellesmøter</b> (Kyrkja, Betel, Fredheim og Misjonshuset)	
22. januar	Familiemøte på Misjonshuset
21.-23. april	Møtehelg i Kviteseid kyrkje med Egil Svartdal som talar.
24. september	Songkonsert i Kviteseid kyrkje med Hilde Svella og Fredheimkoret
<b>Konsertar</b>	
7. mai	5 års jubileumskonsert ved Kviteseid Soul children
24. juni	Sommarkonsert i Kviteseid kyrkje ved Olav Mosdøl med fleire
4. juli	Konsert ved Operagutta i Kviteseid kyrkje
18. august	Landstadkonsert i Brunkeberg i samband med Landstaddagar
12. november	Konsert i Kviteseid kyrkje ved m.a. Jan Haugen og Sindre Løvik
7. desember	Adventskonsert i Vrådal kyrkje.
10. desember	Konsert i Kviteseid kyrkje ved Emil Solli-Tangen
17. desember	Adventskonsert i Kviteseid kyrkje
<b>Anna</b>	
4. april	Fasteaksjonen gjennomført med innsamling til Kirkens Nødhjelp ved hjelp av konfirmantane og andre frivillige.
2. desember	Basar på Misjonshuset ved soknerådet og andre frivillige. Her vart det lagt ned eit stort arbeid i førebuingar og gjennomføring. Totalt kom det inn kr 45.404 kontant og kr 2.345 på vipps, samanlagt kr 47.749,- brutto (2016: kr 55.622,-). Av dette vart kr 15.000 sendt til misjonsprosjektet, mens resten gjekk til soknerådsarbeidet og dekking av utgifter.
Heile året	Utstilling av bileter av Borgny Svalastog i dei fleste kyrkjene gjennom heile året. Motiv laga etter Landstad-salmar.

### Nytt inventar, utstyr og anna

- 50 nye salmebøker vart innkjøpt til supplerings i Vrådal og Brunkeberg kyrkjer
- 30 særkalkar med inskripsjon, til supplerings i Kviteseid kyrkje (fakturert i 2018)
- Den norske kyrkja i Kviteseid (Kviteseid sokn) fekk seinhaustes ny nettside på internett. Der ligg mykje nyttig informasjon om arbeidet i kyrkja og tenester som kyrkja yter til befolkninga i Kviteseid sokn. Adressa til nettsida er [kviteseid.sokn.no](http://kviteseid.sokn.no).
- Noko nytt utstyr til trusopplæring: m.a. monitor, kablar, kamera, bibelsk tidsreise på lerret.



### Melding frå organisten v/ Dagfinn Køhn:

Frå organisten sin synsstad vart 2017 eit heller oppmuntrande år.

I staben har det vore mykje utskifting i seinare år, og også dette året vart det endringar. Likevel er det gode kjensler og røymsler som sit att etter skifte av sokneprest på ettersommaren; både etter interimperioden med Rune Lia og det første halvåret med Møyfrid Lunde. Ekstra triveleg fungerte kyrkjelydsturen til Trøndelag som ei stafettveksling mellom desse, og meiningsfullt var det òg å kunne akkompagnere turen med eit liturgisk reisekor som deltok ved daglege tidebøner, i tillegg til under

nattverden ved festgudstenesta i Stiklestad kyrkje på Olsok-dagen.

Gjennom året elles er det den gode rutinen gjennom vekene som stadig gjer tenesta meiningsfull; speling ved gudstenester rundt om i alle kyrkjene, øving og synging med dei ulike kora, andaktar på KOS og Midtsundtoppen og eit positivt arbeidsmiljø ved kyrkjekontoret og i staben elles.

For BARNEKORA starta året utradisjonelt. Av helsemessige årsaker var Åsbjørg Hægeland borte frå barnegospel dei første månadene. Samstundes var det berre fem songarar att i Unge Røyster, så difor valde vi å samkøyre desse gruppene fram til sommaren, under leiing av Elise Foldøy. Også ved adventskonserten fungerte dei som eitt kor, men elles gjekk vi tilbake til to kor gjennom hausten, då Åsbjørg atter var på plass. Gjennom året låg talet på ungar i barnegospel-alder på om lag 12-15. I begge kora er det liv og engasjement og ein positiv tone. Ut vår-semesteret hadde vi hjelp av Gunnhild Moen i barnegospel og Ida Marie Myklebust i Unge Røyster; frå hausten av har mødrer eller bestemødrer hjelpt praktisk under barnegospel-øvingar.

Gjennom året har kora sunge ved gudstenester i ulike kyrkjer, på familiemøte på Misjonshuset og Fredheim og på adventbasar og – konsert.





KYRKJEKORET eksisterer framleis, og vi deltek stadig med song på gudstenester rundt om i kyrkjene. Vi lukkast likevel ikkje med å knytte til oss fleire songarar, og nå nærmar vi oss ei kritisk grense for å kunne halde fram. Organisten rundar tradisjonell pensjonsalder om få månader og har signalisert vilje til å halde fram ei tid til, men dersom kyrkjekoret ikkje er liv laga, fell ein svært vesentlig del av motivasjonen for "overtid" bort, og dette vil i så fall tvinge fram ei ny vurdering av situasjonen.

I seinare tid har det vore oppmuntrande ikkje sjeldan å kunne sjå delar av kyrkjelyden oppe frå galleriet; ei utvikling som det stadig er grunn til å applaudere. Frå krakken skal det likevel framleis lyde kraftig oppmuntring til å halde fram denne forsiktige utviklinga, slik at kyrkjelyden også i tida framover kan ta plass nærare altaret, presten og kvarandre.

### Kyrkjebladet:

Kyrkjebladet kom i 2017 ut med fire nummer.

Redaksjonen bestod av Olav Mosdøl, Niklas Karlsen og sokneprest Rune Lia etterfulgt av Møyfrid Lunde. Svanhild Fidjeland var også med som tilsett fram til sommaren. Frå desembernummeret kom Øyvind Jørgensen med i redaksjonen. Inntektene til bladet var noko mindre i både 2016 og i 2017 enn tidlegare. Gåver til bladet i 2017 var kr 22.800 etter nr 1, om lag kr 2000 etter nr 2 og 3 (utan giro), og om lag kr 20.000 etter blad nr 4 i desember -17 og januar -18.



### Kyrkjelydsutval:

Kyrkjelydsutvala gjer eit godt arbeid med å oppretthalde god kontakt mellom grendene og dei lokale kyrkjene etter at dei tidlegare sokneråda vart lagt ned. Utvala syter for kyrkjekaffi, blomar til messene og ulike praktiske oppgåver ved andre tilstellingar.

I 2017 har desse sete i dei forskjellige utvala:

Brunkeberg: Reidun Øvrebø Fisketjønn, Inger Lise Berge, Eli Nilsen Rognsvåg, Reidun Torsdalen og Anne Dorthea Heggteit Henriksen.

Fjågesund: Aud Turid Fjågesund, Monica Haugestøl, Anette Rønningen

Vrårdal: Hanne Julie Roholdt, Marit Sørby, Jan Gunnar Breivik og Astrid Breivik.

Astrid Breivik fungerer også som fast, frivillig klokkar i Vrårdal.

Kviteseid: Tjodvor Syftestad, Hadle Hovda, Åse Nordskog, Kirsti Breidalen Skjæveland, Magnhild Vaagen Kvalbein

I Kilen laga Svein Asle Holberg i stand eit fint alternativt julebord etter gudstenesta 10. desember.

#### Andre komitear, utval og representasjonar:

- I komité for Godhetsveka 2017 møtte for soknerådet Kirsti og Magne Skjæveland
- I komité for Fellesmøtene 2017 møtte Håkon Birkeland, frå hausten òg Møyfrid Lunde.
- Hans Kristian Aabø organisera fasteaksjonen saman med soknepresten (informasjon til konfirmantane) og soknerådsmedlemmer i Brunkeberg, Vrårdal og Fjågesund.
- Marit Gotuholt er soknerådet sin kontakt mot Kirkens SOS i Telemark.
- Marit Sørby var soknerådet sin utsending til årsmøte for Diakonaten i Vest-Telemark.
- Konsertansvarlege er Marit Gotuholt og Inger Lise Berge
- Vidar Syrtveit Mikalsen leiar trusopplæringsutvalet. Det vart seint på året styrka med sokneprest, trusopplærar og Sigrun Egeland. Eli Rognsvåg og Gunnar Salmelid gjekk ut.

#### Godkjenning:

Årsmeldinga vart handsama og godkjend av soknerådet under Sak 20/18, 28.februar 2018.

Meldinga leggjast fram for kyrkjelydsmøte som ei orienteringssak 4. mars 2018

Kviteseid, 28.februar 2018

  
Håkon Birkeland  
Leiar Kviteseid Sokneråd

  
Møyfrid Lunde  
Sokneprest

  
Kristen Salmelid  
Kyrkjeverje